



**SUPERGRUPPA:** Dei fire medlemmane i Supergruppa framførte flott song og musikk under opninga av utstillinga. Frå venstre solist Johnny Mellingen, Janne Lervik, Roymund Vågenes og Torild Taule. (Alle foto: Morten Sæle)

# — Ei berikande utstilling

**RADØY:** Vandreutstillinga «Uhorste stemmer og glemte steder» kan no sjåast på utvandringsenteret på Sletta. Utstillinga fortel historia om menneske med utviklingshemming frå store sentralinstitusjonar via HVPU-reforma og fram til i dag.

**MORTEN SÆLE**  
morten.saele@nordhordland.no

– Dette er ei spesiell og berikande utstilling som gir eit unikt inn-

blikk i dei utviklingshemma si historie, seier stortingsrepresentant Jette F. Christensen, som opna utstillinga på Sletta.

Supergruppa frå Radøy drog i gang opninga med flott song og musikk, til stor begeistring frå dei om lag 40 framtmøtte.

– Eg vil heller ha ein blå, svarar solist Johnny Mellingen kvikt når orkesterleiar Jens Solstad annonserer at dei skal synga «Jeg vil ha en gul ballong».

– Då tar vi ein blå då, svarar Solstad med eit smil.

## Åndssvakeomsorgen

Journalist og forfattar Halvor Fjernerros serverte eit føredrag om utviklinga innan omsorga for

dei utviklingshemma, frå Åndssvakeomsorgen som den vart kalla heilt fram til 1970, via HVPU-reforma tidleg på 90-talet. Han fortalde mellom anna om Marit, ein av utallege institusjonsnøddar som gjekk frå institusjon til institusjon.

– Marit vart sendt ut på landet for å vera «griskokk», altså den som røtte i grisematen, fortel Fjernerros.

Ho vart plassert hos ei streng bondekjerring som passa på dei og kjefta høgløyd.

– Marit fortalde at dyra var snillare enn menneska, og at ho rett som det var gjekk og la seg med ute med dyra i staden for i si eiga seng, fortel han.

Fjernerros fortel og om den lokale tradisjonen rundt Manger for å ta i mot utviklingshemma i privat pleie.

– På Manger var det i 1920 så mange som 75 utsette i private heimar, seier han.

## Opplevd endringa

Jette F. Christensen har sjølv jobba innan Helsevernet for psykisk utviklingshemma (HVPU) og har opplevd endringa frå institusjonsvesen til HVPU-reforma.

– Mor mi jobba på sentralinstitusjonen Bakkebo i Egersund, og 20 år seinare fekk eg gleda av å jobba der med mange av dei same brukarane som mor mi kjende, fortel Christensen.

– I Egersund har dei utviklingshemma vore ein heilt naturleg del av kvardagen for innbyggjarane.

– Ein av brukarane sa så fint til meg: Vi er alle normale, berre på litt ulik måte, fortel Christiansen.

## Levande forteljingar

I utstillinga kan ein oppleva mange historier i lyd og bilde frå både brukarar, pårørande og tilsette innan HVPU-omsorga. Ein kan og sjå utstillinga til Eli Grindheim frå Radøy som gjennom ein video viser og fortel om sine hobbyar, mellom anna si store samling av ulike eggeglas. Utstillinga på Sletta har ope kvar søndag i september.



**FRÅ IDIOTVESEN TIL HVPU:** Journalist og forfattar Halvor Fjernerros serverte føredrag om utviklinga frå idiotvesen til HVPU-reform.



**LOKALT BIDRAG:** Eli Grindheim frå Radøy stilte ut nokre av sine perlebilette, og på skjerm kunne ein sjå og høyra meir om Eli og hennar store hobby, samling av ulike eggeglas.



**GODT FRAMMØTE:** Det vart ei intim opning i det vesle legekonto- ret på utvandringsenteret. Stortingsrepresentant Jette F. Christensen (t.h.) sto for den offisielle opninga.